



Torstein Monsen var ein av føredragshaldarane i fjor. Han er også involvert i år.

**Festidalen har stor breidde i programmet sitt, og noko av det som har understreka dette er føredragskroene som kvart år har vore arrangert. Interessante føredragshaldarar har ført til aukande interesse for desse. Tidlegare har dei vore i Gamleskulen, i fjor var det stappfullt der og årets føredragskro vert i ungdomshuset Helgheim.**

Også i år er det mykje spennande, og arrangørane har sendt ut følgjande pressemelding: Føredragskroa følgjer atter med i vår tid sine viktige problemstillingar. I år tilbyr me ei spennstig spennvidde i tematikk, berre for at du skal verta oppdatert på aktuelle politiske, kulturelle og sosiale kjennemerke. Me rører oss frå det nære i vår region, til det globale. Kroa vil garantert gje deg eit godt grunnlag for å hengje med i dei fleste intellektuelle samtalanene under Festidalen-helga og Urix-sendingane på NRK2 utover hausten.

**Torsdag 4. august og laurdag 6. august** vil seks dyktige og lidenskapelege forskarar gje djupe analyser, overraskande konklusjonar, provosera og by på all sin kunnskapsrikdom og forskning frå føredragsstolen i Helgheim.

**Svein Ivar Angell (UiB)** startar torsdag 4. august med ei skildring om regionen Hardanger, ikkje som ei geografisk eining, men som ei merkjevare. Formålet er å nytta merkjevaren for å fremje Hardanger sitt omdømme, såkalla glocalisering – det lokale i det globale. Han vil drøfte korleis merkjevaren Hardanger har vorte til, korleis og på kva måte historia til regionen har vorte nytta for å byggje og fremja merkjevaren. 5. august tennast OL-elden i Rio i Brasil. Føredragskroa vil gje den usminka forteljninga om OL i Rio, som ein ikkje får sjå frå dei spektakulære TV-bileta. For å gjere det vil **Vidar Fagerheim Kalsås (UiA)** ta oss med til gatene i Rio. Han vil diskutera korleis Rio vert presentert i media og freista nyansera mediebilete. **Anne Kjersti Bjørn (NiBR)** kjem til Uskedalen, frå Athen og Montreal for å syna si dokumentarfilm. Dokumentarfilmen tek for seg OL i Rio si dystre baksida, kor verdigrunnlaget til dei Olympiske leikane er fråverande i møte med korrupsjon og tvangsflytting i tilknytning til utbygging av dei gigantiske idrettsanlegga. **Torstein Monsen** har samtale med Anne Kjersti og Vidar etter filmen med ei laus og uformell samtale, kor terskelen for spørsmål frå salen er svært låg.

Laurdag startar me med lokalhistorie. **Nils Kolle (UiB)** vil servera oss ein forteljninga om silda og kva rolle ho

spelte for næringsutvikling i Kvinnherad og Sunnhordaland. Han vil ta oss med heilt attende til midten av 1700-talet og følgje sildebestande til ho braut saman i 1960-åra. Samanbrotet bana veg for aluminiumsverket på Husnes, og ny industrihistorie i Kvinnherad.

Det har vorte mykje politikk og makt i mat. **Thor Øivind Jensen (UiB)** vil diskutera saman med oss kor mykje ansvar og politikk me legg vekt på når me kjøpar mat til fredagskosen saman med familie og vener. Eit herleg og lettbeint føredrag med følgjande ingrediensar: nyting av mat, i spedd politikk og kultur.

Ikkje ein føredragskro utan eit innslag av klimadebatt! Nærast kvar dag kan ein lesa overskrifter i aviser, internett og nyhendesendingar om været i framtida. **Katherine Duarte (UiB)** vil i sitt føredrag diskutera korleis norsk media skriv om klimaendringar og korleis journalistar tolkar kompleks klimaforsking. Utgangspunktet for føredraget er definitivt ikkje småtter, for me startar med den såkalla Climategate-saken frå 2009, kor ei forskingsinstitusjon haldt attende vitskapelege artiklar med avvikande standpunkt til klimaendringar.

Tekst: Martha K. Nerhus/ Festidalen

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen

Nett: Thor Inge Døssland